

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

2

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lind

Emne:

Transport av høg.

Bygdelag: Indre Lind.

Oppskr. av: Karsten Lerøy.

Gard: Bjelkaring

(adresse): Lerbyggen, om Bergen

G.nr. 2 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I gamle dagar, før mors tid, hadde dei ikkje hestar på Bjelkaring, difor måtte dei berre inn alt høyet, òg så at det kom hest på bruket, vart det høgkøyring, (i 20 åra)

Før utskiftningen, i slutten av 80 åra, bar dei høyet på båretog, og etterakskeren i Kiper, laga av brake. Toget var laga av hamp, og eigaren hadde spünne hampen sjølv, og lagt toget. Æit vanleg båretog, er 6 famnar langt. Midt på toget hadde dei ei "hövel", laga av brake. 6 store "ferjer" som dei "fengde" med riva, var ei vanleg bora til ein vaksen kar, ca 60 Kg, men det var dei, både karar og kvinner som bar både 7 og 8 ferjer. Var høyet kviestørkt, og dei skinda seg for dei attast regn, bar dei ofte med toget rakk. - Det var 2 slags itreing, òg "hövela". Høytreing og høtreing, i høytreing, predda dei toget utanpå og inn, - i høtreing - innanfrå og ut, det la seg ikkje så mykje til

på toget då, so det var lettare å kneppå
børa. Det var elles hestmannfolk som
bar, kvinnfolk raka og feigde, kjørte
karane med børa, - ~~slik~~ alt dei
hadde gjere han "fast" til børa.
Den eine fallen tok mannen på seg
sjølv, medan han heldt børa knept
med den andre togenden, - der han
sette seg for børa. Til den andre fallen
maatte han ha hjelp. (å på på seg)
for han var jamnt noko fastknept
i børa, Lüne små bråk har enno
ikkje hest, difor lyt dei bera inn
alt kjeget.

1. Dei "fulle bråk", 4-skillingbråka har
kvar sin hest no, men dei halve-
totskillingbråk lyt bera alt framleis.
I gamle dagar hadde dei mange ute-
slåttar i holmane i Bukkasundet
og Kinna. Dei slo både i Store og "lilla"
Kinna og i holmane: Klungerholmen,
"der det veks, vestlands vikke", vicia oribus,
og i Stongholmen, Franskmannen og
Stongholmen og Sleppholmen.
På dei store bråka har dei slutta
med å slå i holmane, enda der er
mykje grass. Dei veit mest ikkje
korleis dei skal greida slåttene
på heimebøen, der mykje står
utleige, og vort utlagt til
kulturarbeide avdi ein vantar
arbeidskraft, og lönene er så
dyre at det ikkje lönar seg
å slå graset lenger, alle stader.

Dei har heller ei² Nû minder, og tek anna
 betre lønn arbeid. Det var mest etter
 første verdskrigen dei slutta med
 å slå holmane. — Dei førde høyet på
 farringsbåtar. Då sette dei gjerne ei
 "soffa i rorja" på båten, og let
 bora stått se, til den. Dei tok
 gjerne seks - 7 borer på båten.
 Så førde dei høyet til land
 og bar, — eller kørde det heim
 2. Skal høyet hesjast, bar dei det
 gjerne til hesja på ei bora, eller
 så kører dei det med hest.

"Sloe" og "börsvolk" er ukjent her.

"Ei lita bora kunde dei ta på
 "heija", men ei stor bora lyt
 dei bora i fall. Ein held toget
 over aksla. Røysaren står attan
 bæraren når han skal røysa
 han, og han skivar på bora, så
 han kjem se, app. Det er svært
 vandskeleg å røysa se, alene. —

Heile hutslyden er gjerne med
 på høyinga. "Meis" og "rodde" er
 ukjent her. — Høypeskring kan
 ikke brukast.

Kipe eller Korg vert umv brukt til
 å bera høg i, ein brukar aldri
 trillebør til dette. Ei bora av
 2 staurar kan verta brukt til
 å bera vatt grass med til hesja.

3. Ein ber eller kører alltid høyet
 heim i loda med ein gong
 det vert fullt.

27. Høyet vert køyrt på ei høy-
vogn, ei flat vogn som ofte vert
lagt oppa akshingen, og festa med
2 klappar med hakke i for akshing-
en. Ei vanleg høyvogn kan vera
ca 1,5 m breid og ca 3 m lang, og
ein kan somme tider lesa så mykje
på at lasse tek opp under ei
3 meter høy innkøyringsdør.
Det er store lass.

På Kvart bruk har dei høyvogn
og kjerra. Dei brukar aldri sled
til høykøyring. Dei lesar
på med høygafjar, eit lass
kan vera over 400 kg.

Dei nakte reint med det same.
No brukar dei elles moderne reid-
skapar; slåmaskina, hakemaskina
(chesteriva) og høypendar.

Ein brukar berre eit tøy til
å "gura" lasse med, det er fard
bunde bak på vognen. Når lasse
er fullt kastar dei det til
hau som står i lasse og
jannar høyet. So "knepper" ein
lasset, og bind^{er} tøyet fast
i vognarmene, nðrast vognen.
Dei brukar ikkje "grindar" eller
"høytang" her. - Det mätte
"ikke" ligga noko ett på
marka.

I gamle dagar var dei levande
redde for at det skulle
koma valn i høyet. -

gag det ut til regn, og dei hadde
 vært så høyt ute, var dei det gjerne
 inn og rista det opp på skudder.
 - eller dei var det ut att når været
 var godt. So gjer dei sjeldan no.
 Det vert for tungvindt.

I regnver hesjar dei høyet.
 Dei hadde berre ein hest for
 vogna, når dei køyde, dei tid
 hadde 2 grammar hest idag.
 5 Her er ikkje nokon fellesslakt.
 På "Hastavadden" og "Vedhammaren"
 slo dei kvart sitt år. No slo
 dei ikkje der lenger. - Det
 vert forlite å tømaka og føre,
 men i gamle dagar slo dei kvart
 strå dei fann. Ikkje måtte
 verba tømaka å gå vandraveg.

2805

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING